



# LOKALE RETNINGSLINER FOR TILSKOT TIL PRIVATE BARNEHAGAR I SYKKYLVEN KOMMUNE

## Statlege føringar og heimelsgrunnlag

Tildeling av tilskot og refusjonar til private barnehagar skal skje i tråd med gjeldande barnehagelov, forskrifter og lokale retningslinjer.

Forvaltning av tilskotsordningar og refusjonar til private barnehagar er heimla i barnehagelova § 14 "Kommunalt tilskot til godkjende ikkje-kommunale barnehagar", "Forskrift om tildeling av tilskot til private barnehagar" og "Forskrift om foreldrebetaling i barnehagar".

I tillegg til sentrale føringar gjennom lov og forskrift, har kommunen mynde til å fastsetje lokale reglar og rutinar som har betydning for tilskotet til private barnehagar og deira refusjonsmoglegheiter. Slike føringar vert nedfelt i "Lokale retningslinjer". Dersom kommunen ønskjer revidere retningslinjene, må det gjerast før tilskotsåret dei skal gjelde for.

Her følgjer dei lokale retningslinjene der Sykkylven kommune orienterer om dei viktigaste føringane i forskrift og lokale vilkår/rutinar som kjem i tillegg til sentrale føringar:

### 1. FØREMÅL

Rammefinansiering av barnehagar inneber ei likebehandling av kommunale og private barnehagar. Føremålet med dei lokale retningslinjene er å presisere Sykkylven kommune si praktisering av lov og forskrifter, for med dette å sikre likebehandling, førebygge mistydingar og bidra til føreseielege rammer for alle partar.

### 2. KVEN RETNINGSLINENE GJELD FOR

Lokale retningslinjer gjeld for alle godkjende private barnehagar per 31.12.2010, samt dei barnehagane som er godkjent i ettertid og som Sykkylven kommune har vedteke å yte tilskot til.

### 3. VEDTAK OG UT BETALINGAR

Driftstilskot vert rekna utifrå gjennomsnittlege ordinære driftskostnader per heiltidsplass i kommunale barnehagar, med fråtrekk for dei kostnader som regelverket heimlar (administrasjonskostnader, pensjonsutgifter m.m.). Grunnlaget for utrekninga er kommunerekneskapet frå to år før tilskotsåret.

Vedtak om sats skal fattast av Sykkylven kommune seinast 31. oktober før tilskotsåret. Utbetaling av driftstilskot skjer forskotsvis ein gong i kvartalet (januar, april, juli og oktober), basert på godkjent innrapportert barnetal ved teljedatoane.

Sykkylven kommune skal også gi kvartalsvis kapitaltilskot til private barnehagar per heiltidsplass utifrå barnehagen sitt byggeår. Tilskotet vert utrekna etter satsar som er fastsett av departementet.

#### **4. TELJEDATOAR**

- 4.1. Barn i dei private barnehagane skal teljast 15. desember året før tilskotsåret (årsmeldingstal i BASIL) og 15. august. Tala dannar grunnlag for dei kvartalsvise utbetalingane.
- 4.2. I utbetalinga for fjerde kvartal vert det korrigert for den summen som vart utbetalt for mykje/for lite i tredje kvartal (gjeldande for august og september), utifrå ei avrekning basert på den nye teljedatoen 15. august.
- 4.3. Barnehageeigar/styrar har ansvar for at opplysningane om talet på barn, alder og opphaldstid er korrekt og oppdatert i kommunen sitt barnehagesystem (Visma) på teljedatoane. Det vert ikkje utbetalt tilskot utover det talet på barn som barnehagen er godkjent for.
- 4.4. Kommunen skal som barnehagemyndigheit kontrollere at opplysningar gitt av barnehageeigar på teljedatoane er korrekte og samsvarar med dei faktiske forholda. Sykkylven kommune tek atterhald i høve retten til å korrigere det kommunale tilskotet. Ei slik korrigering skal samsvare med direktoratet si tolking av regelverket.
- 4.5. Barn som fyller tre år i løpet av tilskotsåret utløyser driftstilskot etter småbarnsatts dei sju første månadane og storbarnsatts dei fem siste månadane.
- 4.6. Private barnehagar kan ikkje krevje tilskot for barn utover dei barna som har rett til plass utifrå opptakskrets/opptakskriterier som er nedfelt i barnehagen sine vedtekter.
- 4.7. Dersom den private barnehagen har store aktivitetsendringar mellom teljedatoane, til dømes oppretting/nedlegging av avdeling eller større gruppe, pliktar barnehagen å melde frå til kommunen om aktivitetsendringa. Dette i tråd med forskrift om tilskot til private barnehagar. Det vil bli vurdert i kvart enkelt tilfelle om aktivitetsendringa utløyser endring i det kommunale tilskotet.

#### **5. PLIKT TIL RAPPORTERING AV BARN SOM ER FOLKEREGISTRERT I EIN ANNAN KOMMUNE**

Den private barnehagen tek i mot tilskot på same måte for alle barna i barnehagen. Dersom eit eller fleire av barna er folkeregistrert i ei anna kommune skal Sykkylven kommune varslast særskilt om dette. Dette fordi kommunen har rett til refusjon for barnehageplassen frå den kommunen der barnet er folkeregistrert. (Dette gjeld ikkje dersom barnet går i ein kommunal barnehage). Det er ein føresetnad at det aktuelle barnet er omfatta at den private barnehagen sine opptakskriterier/opptakskrets. Sykkylven kommune nyttar satsar for drift og kapital fastsett av departementet i utrekninga av refusjonskravet.

#### **6. ANDRE TILSKOT OG REFUSJONSORDNINGAR**

Utanom driftstilskot og kapitaltilskot fins det også andre statlege tilskot og refusjonsordningar som vedkjem dei private barnehagane.

##### **6.1. REFUSJON FOR SØSKENMODERASJON**

I tråd med forskrift om foreldrebetaling i barnehagar gir Sykkylven kommune søskenmoderasjon på 30% for barn nummer to og 50% for barn nummer tre eller fleire. Dei private barnehagane får kompensert for den reduserte foreldrebetalinga ved å sende refusjonskrav til Sykkylven kommune. Refusjonskravet skal sendast månadsvis eller kvartalsvis, og vert ikkje utbetalt på forskot. Barnehagen pliktar å oppgi namna på dei barna det vert sendt refusjonkrav for.

##### **6.2. REFUSJON FOR REDUSERT FORELDREBETALING OG GRATIS KJERNETID**

Hushaldningar med lav samla inntekt kan søkje om redusert foreldrebetaling. Dei kan også søkje om 20 timar gratis kjernetid i veka for 3-, 4- og 5-åringar. Det er staten som bestemmer kvar inntektsgrensa skal gå, og gjeldande regel er at ingen hushaldningar skal måtte betale meir enn 6% av skattbar inntekt for ein barnehageplass. Kommunen handsamar alle søknadar som kjem inn, både for private og kommunale barnehagar, og fattar vedtak basert på innsendt dokumentasjon. Den private barnehagen får kopi av vedtaket som syner kor mykje månadleg fråtrekk hushaldninga har krav på for det aktuelle barnet. Barnehagen sender deretter refusjonskrav for den reduserte foreldrebetalinga til kommunen, enten månadsvis eller kvartalsvis. Dette vert ikkje utbetalt på forskot.

### 6.3. INTEGRERINGSTILSKOT FOR FLYKTNINGBARN

Sykkylven kommune v/flyktningkontoret søker staten om integreringstilskot for nye asyl-/flyktningbarn. Dette er eit tilskot som skal bidra til særskilt tilrettelegging i barnehage. Staten betalar ut ein fast sum, uavhengig av kva behov det enkelte flyktningbarn måtte ha for oppfølging, tiltak og tilrettelegging. Det er Stortinget som fastset satsane for tilskot. Dersom barnet får plass i ein privat barnehage vil Sykkylven kommune betale ut summen som eit eingongstilskot til barnehagen.

### 6.4. KOMPETANSETILSKOT

Sykkylven kommune søker kvart år om statlege midlar til kompetanseutvikling i barnehagane. Desse midlane skal kome tilsette ved både dei private og kommunale barnehagane til gode. Søknaden vert utforma etter drøfting i styrarnettverket, der ein kjem fram til ei felles forståing av kva for tema/satsingsområde det bør søkjast midlar til. Kvar enkelt barnehage kan i tillegg fremje egne ønskjer, basert på lokalt kompetansebehov. Bruken av midlane skal vere i tråd med den statlege strategien for kompetanse og rekruttering i barnehagar og plan for kompetanseheving av barnehagetilsette i Sykkylven. Sykkylven kommune har i samarbeid med dei private barnehagane utarbeidd rutinar for bruk av kompetansemidlane.

### 6.5. TILSKOT PÅ MINORITETSSPRÅKLEGE MIDLAR

Dersom det samla sett er minst 50 minoritetsspråklege barn i ei kommune, samtidig som desse utgjer minst 10% av alle barnehagebarna, så har kommunen etter gjeldande reglar rett på minoritetsspråklege midlar frå staten. Utbetalinga frå staten til kommunen skjer då automatisk utifrå talet på minoritetsspråklege barn som er rapportert 15. desember (årsmeldingar/BASIL-rapportering). Staten fastset årleg satsen per barn. Sykkylven ligg i dag godt over grensa for å få dette tilskotet. Midlane skal kome dei minoritetsspråklege barna til gode og bidra til at dei får ei betre språkforståing. Departementet har laga kriterier for dette og kan krevje innsyn i bruken av midlane. Etter avtale med dei private barnehagane vert minoritetsspråklege midlar nytta på følgjande vis i Sykkylven:

- Om lag halvparten av midlane vert betalt ut direkte til barnehagen, på grunnlag av talet på minoritetsspråklege barn som barnehagen har rapportert inn og fått godkjent i BASIL 15. desember. Utbetalinga skjer i september etterfølgjande år. Føresetnaden er at barnehagen har sendt inn ein rapport som syner korleis midlane har blitt nytta i det føregåande barnehageåret.
- Om lag halvparten av midlane går til ein «fellespott». Denne potten går til felles tiltak/prosjekt eller til språkassistentar som den enkelte barnehage kan søkje lønsmidlar for. Ei lokal nemnd vurderer søknadane og gjer tildeling.
- Det er inngått avtale med dei private barnehagane om rutinar og plan for bruken av dei minoritetsspråklege midlane. Desse kan endrast etter felles drøfting mellom styrarnettverket og rådgjevar barnehage/administrasjon. Kommunen har overordna mynde, og tildelinga skal baserast på ei likebehandling mellom private og kommunale barnehagar.

### 6.6. REFUSJON FOR SPESIALPEDAGOGISK ASSISTENTRESSURS

Barn under opplæringspliktig alder har rett på spesialpedagogisk hjelp dersom dei har særlege behov for det (jf. barnehagelova § 19 a). Dette er eit kommunalt ansvar. Kommunen fattar enkeltvedtak på x antall timar per veke, basert på sakkunnig tilråding frå PPT. Dersom barnet går i ein privat barnehage og får vedtak om ekstra assistentressurs, har Sykkylven kommune etter ønskje frå dei private barnehagane inngått avtale om at denne assistenten ikkje skal vere kommunal, men ha eit tilsetjingsforhold i den private barnehagen. Dette fordi det skaper eit ryddigare forhold i høve arbeidsgjevar- og personalansvar. Ordninga er fastsett gjennom «Retningsliner for tilsetjing av assistentar til styrking og spesialpedagogisk hjelp i barnehagar».

- Den private barnehagen får dekkja faktiske meirkostnadar knytt til den spesialpedagogiske hjelpa. Dette er nærare regulert gjennom «Ny avtale om lønsrefusjon for spesialpedagogiske assistentar i private barnehagar», gjeldande frå 1.1.2020.
- Den private barnehagen sender refusjonskrav kvar måned. Refusjonskravet skal samsvare med talet på assistenttimar som barnet har fått vedtak om.

- 6.7. REFUSJON FOR EKSTRA RESSURS TIL BARN MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE  
Barn med nedsett funksjonsevne har krav på eit eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod (jf. barnehagelova § 19 g). Det er kommunen som har plikt til å sørge for at barnet får det tilbodet det har krav på, og fattar vedtak om tilrettelegging. Døme på tilrettelegging kan vere at kommunen sørgjer for at barnehagen har det naudsynte utstyret, støtte til bygningsmessige endringar, støtte til ekstra bemanning eller andre tiltak. Dersom det vert gjort vedtak om ekstra personalressurs skal den private barnehagen få refusjon etter dei same vilkåra som under punkt 6.6.
- 6.8. REFUSJON FOR STYRKINGSRESSURS  
Ekstra styrkingsressurs/assistenttimar kan bli gitt til barnehagar som har store utfordringar knytt til barn eller barnegrupper, men som ikkje har fått vedtak etter barnehagelova § 19 a eller 19 g. Det er ingen klagerett knytt til denne styrkingsressursen, og det er kommunen sjølv som vurderer om ein har økonomi til å gi slik støtte. Søknadsfristen er sett til 10. juni og 1. desember. Ei eventuell tildeling skjer som hovudregel for eit halvt år om gongen. Dei private barnehagane skal varslast i god tid før søkjefristen dersom det kommunale budsjettet gir rom for styrkingsressurs. I tildelinga skal det presiserast kor mange timar per veke barnehagen får tildelt ekstra assistent for. Tilsetjing og lønsrefusjon for denne assistenten vert gitt etter same vilkår som punkt 6.6.

## **7. TILBAKEBETALING AV TILSKOT**

Kommunen kan fatte vedtak om tilbakebetaling av tilskot frå ein privat barnehage, dersom det på grunn av feil frå barnehagen si side har blitt utbetalt eit høgare tilskot enn den har krav på.

## **8. NEDLEGGING AV BARNEHAGAR**

Dersom ein privat barnehage gjer vedtak om å legge ned drifta, skal Sykkylven kommune varslast om dette omgåande. Barnehagar som har fått utbetalt forskot på det kommunale tilskotet for eit lenger tidsrom enn barnehagen er i drift, pliktar barnehagen å betale attende det overskytande. Tilskotet opphøyrer når barnehagen vert avvikla. Barna sin siste dag i barnehagen tel som sluttdato.

- *Retningslinene vart vedtekne politisk i leveårsutvalet 25.09.2018 og i formannskapet 01.10.2018*
- *Punkt 6.6 i retningslinene vart endra etter avtale inngått mellom administrasjonen og dei private barnehagane i november 2019 («Ny avtale om lønsrefusjon for spesialpedagogiske assistentar i private barnehagar»). Dette vart gjort etter ønskje frå dei private barnehagane for å lage ein meir treffsikker refusjonsmodell som dekkjer faktiske meirkostnadar knytt til spesialpedagogisk hjelp.*